

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Sakshandsamar: Hanne Marie Utvær
Telefon: 91102779
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon
Vår referanse: 13/18267
Dykkar referanse: NVE 201202824-23
Vår dato: 04.04.2014
Dykkar dato: 11.12.2013

Att: Marthe Cecilie Pramli

Elektronisk post

BREMANGER KOMMUNE SOGN OG FJORDANE - SØKNAD OG KONSEKVENSGREIING FOR BREDVATN KRAFTVERK

Vi syner til høyring av søknad og konsekvensutgreiing for Bredvatn kraftverk, Bremanger kommune.

Aller fyrst vil vi få kome med merknad til saksgangen. Vi mottok ikkje varsel om oppstart noko som er negativt for vårt høve til å kome med innspel til utgreiingsarbeidet. Vi ser at tilhøva til fiskeriinteressene i området likevel er teke opp i konsekvensutgreiinga.

I Førdspollen er det ein låssettingsplass (Førde) som er i bruk når det vert kasta etter brisling i Førdspollen, dette har ikkje skjedd på mange år fordi brislingfiske dei siste åra har opna så seint at brislingen har gått lenger inn i Nordfjorden når fisket vert opna. Denne plassen vil bli brukt om fisket vert opna tidlegare.

Brisling er ikkje spesielt ømfintleg for tilslamming/finpartikulært materiale, men om deponimassa inneheld mykje restar av sprengstoff vil dette vere skadeleg for fisken og for kvaliteten av den låssatte fisken som matfisk.

For å avbøte negative effektar for fiskeriinteressene i Førdspollen krev vi at det vert brukt siltgardin under fylling av masser. Dette er eit tiltak som må settast inn dersom det er fisk låssatt i Førdspollen.

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift

Med helsing

Paul Jacob Helgesen
seniorrådgjevar

Hanne Marie Utvær
rådgjevar

